

Kulturmidlane ut av fylket

FLORØ: Sidan 2008 har ikkje veteranbåtane Svanhild, Atløy eller Haugefisk fått tildelt fylkets kulturmidlar. I staden har midlar gått til båten «Stavenes» som høyrer til Bergensmiljøet.

ANNE MARIT SELJESETH
anne.marit.seljeseth@firdaposten.no

Det vert reagert på at ein båt som «Stavenes», som knapt flyt får midlar som kunne gått til meir aktive veteranbåtar som held seg innanfor Sogn og Fjordane. «Stavenes» er registrert med postadresse i sogn, men har halde til i Bergen og på verkstad i Fitjar. Målet er å få båten til å gå for eiga maskin til Fjordsteam 2013 og seinare som turistbåt mellom Flåm og Gudvangen. Dette meiner veteranbåtkunnige i fylket ikkje er realistisk på grunn av den dårlege fatninga båten er i.

Dugnad

Veteranbåtane i Florø drivne på dugnad av vennelag og venneforeiningar. Berre Atløys venner legg ned mellom 10 000 til 15 000 dugnadstimer årleg. For dei er det ein motivasjon å få tildelt kulturmidlar frå fylket. At kultur-

■ Lokale farty går glipp av fleire millionar



FLORABÅT: MS «Atløy» og Galeasen «Svanhild» er døme på lokale farty som ved hjelp av dugnad og eldsjeler er blitt viktige for folk. No kjem det reaksjonar over at fylkeskommunen spar millionar ut av fylket framfor å støtte lokale miljø. Arkiv

midlane forsvinn ut av fylket synest dei er trasig. Avdelingsdirektør Berit Høivik på Kystmuseet i Florø har ingen kommentar til korleis fylkeskommunen vel å

fordele pengane.

–Fylkeskommunen må få gjere kva dei vil, men eg synst det er trist at båtane vi har ikkje får midlar, seier Høivik. Det er kyst-

museet som administrerer dei tre veteranbåtane i Florø, Atløy, Svanhild og Haugefisk, og det er dei som søker midlar på vegner av desse båtane.

– Båtane blir drevet totalt utan unntak på dugnad, det er ingen som er i stand til å betale mannskapet og skipper, anna enn det arbeid som må gjerast på båtane, seier Høivik og peikar på at miljøet som arbeider med fartøyvern i fylket saknar ein fartøyvernplan for Sogn og Fjordane.

Dyrt

Antikvariske krav gjer at ein må til eit autorisert verkstad som riksantikvaren har godkjend for reparasjonar og restaurering. Det kostar.

– Det er dyrt, så båtane er avhengig av inntening av midlar, dei må ha til at det skal gå rundt, men har ofte ikkje nok til at dei kan utføre det arbeidet riksantikvaren set krav til skal utførast. Sjølv om drifta går føre seg på dugnad har dei for lite midlar og det er tungt, seier Høivik.

Frist for neste års fylkesmidlar er 15. januar. Då håpar avdelingsdirektøren i Florø at lokalt dugnadsarbeid vil betale seg.

– Eg håpar sjølv sagt at vi får midlar frå fylket ved neste vende. Vi er optimistiske og positive og eg håpar og trur fylket då har sett av midlar til fleire fartøy enn berre eitt, avsluttar Høivik.

KAPPAHL.COM

JULEGAVEDAGER:
25%
RABATT PÅ ALLE VARER
GJELDER DAME, HERRE OG BARN
7-11 DESEMBER 2011

Kan ikke kombineres med andre rabatter eller tilbud.

KappAhl